



**Naturvernforbundet**  
i Kvam

5610 Øystese 10. november 2020

Frå: Naturvernforbundet i Kvam, v/ leiar Klaus Rasmussen,  
skrivar Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese

Til Kvam herad, [postmottak@kvam.kommue.no](mailto:postmottak@kvam.kommue.no) og Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

Kopi til: Fylkesmannen i Vestland, Miljøavdelinga, [fmhokkv@fylkesmannen.no](mailto:fmhokkv@fylkesmannen.no)

## **Viktige næringsstoff frå smoltproduksjon går rett i fjorden**

**To smoltprodusentar i Kvam, Hardingsmolt AS i Tørvikbygd og Biofish AS i Ljonesvågen søker om å få utvida produksjonen sin slik at fisken kan verta opp til 1 kilo før han vert sett ut i sjøen. I fylgje konsekvensutgreiingane frå Rådgivende Biologer AS vil den endra og auka produksjonen føra til at høgverdige avfallsstoff vert slept ut i fjorden. I dei teoretiske utrekningane frå Rådgivende Biologer vert det vist at det vert ei samla årleg ureining på 197,7 tonn Nitrogen, 21,25 tonn Fosfor og 317,2 tonn Karbon eller organisk stoff frå dei to anlegga. Den sjøklare fisken skal produserast i resirkuleringsanlegg på land. I eit slikt anlegg har ein i utgangspunktet kontroll på alt avfall og noko skal takast vare på, men det vert søkt om at mykje kan går rett i fjorden i eit røyr med diameter 400 mm.**

**Naturvernforbundet i Kvam meiner at alt avfallsstoff frå den landbaserte produksjonen er ein viktig ressurs som må takast vare på og nyttast.** Døme på utnytting av slammet er å laga biogass, gjødsel til landbruket eller som jordforbetningsmiddel. Tilsvarande utslepp frå vanleg husdyrproduksjon og landbruk er ulovleg og kan verta straffa. Søknadane frå dei to verksemdene har vorte lagt ut til ettersyn og vert avgjort av Vestland fylkeskommune.

## **Uklare og ulike resultat i konsekvensutgreiingane frå Biofish og Hardingsmolt**

I fylgje søknad og konsekvensutgreiing skal Biofish utvida produksjonen frå 1,5 millionar til 15 millionar setjefisk. Den samla årlege produksjonen skal vera på 2200 tonn og ha eit fôrforbruk på 2300 tonn. Det vil gje samla utslepp før reinsing på 86,9 tonn Nitrogen, 15,9 tonn fosfor og 270,2 tonn organisk stoff.

For Hardingsmolt viser konsekvensutgreiinga ein årleg produksjon på 4500 tonn fisk og eit fôrforbruk på 4830 tonn. Det skal gje samla utslepp før reinsing på 182,8 tonn Nitrogen, 33,3 tonn Fosfor og 580 tonn organisk stoff.

Her ser me at eit om lag dobla fôrforbruk også gir ei dobling av utslepp. Når det gjeld utslepp til fjorden ser det ut til å vera eit anna reknestykke i konsekvensutgreiingane. Biofish planlegg å sleppa ut 51,9 tonn Nitrogen, Hardingsmolt nesten tre gonger så mykje, 145,8 tonn. For Fosfor er det også nesten tredobling, frå 6,3 tonn hos Biofish til 14,95 tonn hos Hardingsmolt. Når det gjeld organisk stoff er det nesten fem gonger så store utslepp hos Hardingsmolt, frå 55,2 tonn hos Biofish til 262 tonn hos Hardingsmolt.

**Det er vanskeleg å skjønna dei store skilnadane i planlagte utslepp. Naturvernforbundet i Kvam er klar over at konsekvensutgreiingane er teoretiske tal, men me spør: Kan me stola på desse tala og korleis skal dei planlagde utsleppa kontrollerast?**

### **Manglar ein god nok avfallsplan**

Naturvernforbundet meiner at utsleppa til fjorden er for lite problematisert. I brevet frå fylkeskommunen vert ikkje desse store skilnadane i planlagde utslepp nemnt i det heile. I konsekvensutgreiinga for Hardingsmolt figur 10 vert det vist til at "renset avløpsvann" kjem ut i fjorden på 22 meters djup. Med så store mengder næringsstoff i vatnet er det vel rettare å seia at utsleppet er delvis reinsa.

Fylkeskommunen skriv i søknadsbrevet om utvidinga hos Hardangsmolt av 16. mars i år til heradet at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket for vesentleg verknad for miljø og samfunn. Naturvernforbundet meiner at det ikkje er tilfelle.

I fylgje søknaden frå Biofish vert det sagt at reinsinga fører til 35 tonn Nitrogen, 9,6 tonn Fosfor og 215 tonn organisk stoff skal takast hand om på land. Hos Hardingsmoløt er tilsvarande tal nesten 40 tonn Nitrogen, vel 15 tonn Fosfor og over 300 tonn organisk stoff. I konsekvensutgreiinga vert det skriva at det skal leverast til "godkjent mottaksanlegg".

I utgreiinga vert det vist til dyrkingsforsøk som Hardingsmolt har vore med på for nokre år sidan, ikkje gav oertydande resultat. Nyare forsøk er mykje meir lovande, jfr innslag på Dagsrevyen no i oktober, der det vart vist til forskning frå Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO.

### **Kvar vert det av klimagassutsleppa i produksjonen?**

Oppdrettsindustrien har også klimagassutslepp til liks med andre bransjar som produserer mat og fødevarer. Me ser inga vurdering av klima verknadane i konsekvensutgreiingane. Vestland fylkeskommune har ambisiøse mål når det gjeld nullutsleppssamfunnet og legg sterke føringar

når det gjeld å utvikla teknologi og redusera klimagassutslepp. **Naturvernforbundet i Kvam saknar ei vurdering av klimagassutsleppa i Vestland fylkeskommune sin omtale av søknadane.**

Kvam herad arbeider med ein energi- og klimaplan. For å nå måla i ein slik plan må heradet vurdera verknaden av utslepp når dei handsamar søknadar om produksjonsendringar som påverkar klimagassutsleppa og andre verknadar på miljøet.

Det er krav frå storting og departement om at kommunar og fylkeskommunar skal laga klima- og energiplanar som dokumenterer alle utslepp. Dette er ein del av verktøykassa for visa korleis me kan kutta i utsleppa. Naturvernforbundet stiller seg undrande til at dei nemnde verknadane ikkje er med i konsekvensutgreiingane.

**Det er fylkeskommunen som avgjer søknadane om utviding av produksjonen. Då må også vurdering av klimagassutsleppa verta vektlagt i konsesjonsprosessen.**

### **Ureinarn skal betala, alt avfall må takast vare på**

I utgangspunktet ser Naturvernforbundet i Kvam positivt på at Biofish og Hardingsmolt har planar om å produsera smolt og større setjefisk opp til 1 kilo i resirkuleringsanlegg på land. Men me meiner det er lite framtidsretta å ikkje ta vare på ressursane som er i avfallstoffa. Denne teknologien og produksjon av store setjefisk på land er i startfasen. Fiskeridirektoratet har ikkje statistikk for kor mange anlegg som vurderer å gå over til slik produksjon. Statistikken for setjefiskproduksjon i 2019 viser at det årleg vert produsert 400.647.000 i 182 anlegg i Noreg. I Hordaland viser statistikken 49 anlegg med 72.282.000 fisk. Det er snakk om stor produksjon, mykje fôr og mykje avfall.

Når setjefisken vert større, treng slaktefisken kortare tid i sjøen for å veksa seg fram til rett storleik. Det kan vonleg føra til at oppdrettsnæringa treng mindre areal i fjorden og at nye område ikkje treng takast i bruk.

Uansett må kravet vera at ureinaren skal betala ved til dømes å innføra ureiningsavgift på ureininga. Deler av den avgifta kan brukast til å gje støtte til dei oppdrettarane som byggjer om til utsleppsfrie anlegg både på land og i sjø. Samstundes må avfallsressursen talast vare på og brukast.

Naturvernforbundet i Kvam, Klaus Rasmussen. leiar, Oddvar Soldal, skrivar